

Årsmelding 2019 for Vestnes Eldreråd.

Vestnes Eldreråd 2015 – 2019 hadde følgjande samansetning:

2 politiske valde representantar med personleg vara:

- | | |
|---------------------------|---------------------|
| - Lars Christian Fjørtoft | - Jarle Lid, vara |
| - Karin Pedersen | - Inge Bergum, vara |

Representantar frå dei ulike pensjonistlaga med personleg vara:

- | | |
|------------------------------------|---------------------------|
| - Kaare Lervik (Vestnes) | - Ruth Bergem Osdal, vara |
| - Knut-Arne Romestrond (Tresfjord) | - Gunnar Daugstad, vara |
| - Signe Frostad (Tomrefjord) | - Asbjørg Aas, vara |
| - Arne Vike (Vike) | - Oddvar Nordgård, vara |

Tidlegare var det berre dei politiske representantane som var vald av kommunestyret. Jf. ny kommunelov § 5-2, skal no kommunestyret velje samansetninga og medlemmane av rådet. Organisasjonar som representerer eldre kan fremje forslag om medlemmar jf. forskrift om medverknadsordningar av 17.juni 2019.

Ut frå ei drøfting med eldrerådet, vart det fremja forslag til kommunestyret om å ha vara i rekkefølgje, og at det var ønska at minst ein av dei politiske representantane skulle være fast medlem av kommunestyret. Pensjonistlaga vart oppmoda til å fremje forslag til medlemmar av rådet. Det første forslaget tilfredsstilte ikkje kravet om kjønnsbalanse, og saka vart utsett av kommunestyret.

31. oktober 2019 ble det vald Eldreråd for perioden 2019 - 2023, der alle valde representantar var nye.

Vestnes Eldreråd har for perioden 2019– 2023 slik samansetning:

2 politiske valde representantar med vara i rekkefølgje:

- | | |
|------------------------------|-------------------|
| - Paul Hjelvik, Leiar | - Knut Flølo |
| - Aud Sissel Løvoll Suoranta | - Martin Kjøpstad |

Valgte representanter fra de forskjellige pensjonistlaga med vara i rekkefølgje:

- | | |
|---|----------------------------------|
| - Are Magne Ellevold (Tomrefjord) | - Elin Sølv Furland (Tomrefjord) |
| - Oddrun Karin Nordeide (Vestnes) | - Gerd Misfjord (Vestnes) |
| - Randi Braute Sylte (Tresfjord), Nestleiar | - Ivar Arne Gjeitnes (Tresfjord) |
| - Asbjørn Gisnås (Vike) | - Oddvar Nordgård (Vike) |

Utskifting av alle medlemmar i Eldrerådet samtidig, er på mange måtar uheldig, særleg med tanke på kontinuitet.

Representantane i det nye rådet representerer brei yrkesfaring frå både offentleg og privat sektor i arbeidslivet. Nokon også med lang politisk erfaring. Med andre ord ei god samansetning.

I 2019 har Eldrerådet hatt 5 møter på kommunehuset. Den første delen av møta har ved nokre av tilfella vore ilag med Rådet for Funksjonshemma, hvorpå råda delte seg og avholdt siste delen kvar for seg. Dette er ein rasjonell og fin måte å gjer det på, der mellom anna orienteringar til råda blir gjort samla. Fleire av sakene har dessutan felles interesse for begge råda.

Av saker som Eldrerådet har hatt oppe i 2019, kan nemnast:

- Utvida opningstid for varmebassenget på Myra.
- Informasjon/ oppfølging av prosjekt Helsehuset Stella Maris
- Uttale om ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre.
- Uttalar til reguleringsplan Vikebukt sentrum og detaljreguleringsplan Sess-setra.
- Brukarutval.
- Snøbrøyting.
- Val av eldreråd for perioden 2019 – 2023. (Drøftingssak)
- Økonomiplan 2020 – 2023 og årsbudsjett 2020.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes var med på fleire av Eldrerådet sine møter.

Det same har kommunalsjef Greta Bjerke. På eit av møta deltok kommunalsjef Magne Værholm og på eit anna einingsleiar Emil Balstad. Administrasjon har stilt med møtesekretær på alle møta.

Administrasjonen og Eldrerådet har samarbeidd godt.

Vestnes, 18.05.2020